

Rindal nedre i Vingrom (gnr. 11)

Rindal: Gardnamn som sikkert kjem av elvenamnet Rind eller Ria, som det lyder i dativ i bygdemålet. Døme på elvenamnet brukt i dativ: ”Jordveigen rekk frå Rin”, som her blir uttale med lang i-lyd. Preposisjonen frå styrer som kjent alltid dativ både i gamalnorsk og i bygdemåla. Når det gjeld elvenamnet som opphav til nye namn, merker ein seg at vi har garden Rindal ved Rinna også i Saksumsdalen.

Av dei eldste minne om manns ferd her på Rindal i Vingrom er elles fornfunn frå eldre jernalder. Her er såleis funne m.a. eit knivsblad frå den tid.

I fornbreve frå mellomalderen er Rindal fleire gonger omhandla på 1300-talet. I 1310 er det såleis tydeleg fortalt at det vart bygt ny Rindarbru, og ikkje minst det leier tanken tilbake til enda eldre tider. Det ser nærast ut til at grenda der ”uta Brua” har hatt så å seia to busettingsbolkar, den eine før svartedauen i 1349-50 og den andre etter.

Av 1354 er eit diplom der Ogmund Jonsen selde garden Rindadal av skyld 3 mæler smør til Tore Reidarson. Ein merker seg at same Ogmund Jonsen hadde adeleg segl, ein arm med sverd. Det går tydeleg fram at Ogmund med sverdet heilt sikkert var ein av dei fleire god-for-seg karane som har vore brukarar her på Rindal om dei ikkje alle brukte sverdet.

Av 1362 er ein handel med ”Rindadal og allan Bakken”. Denne sikkert store bakken med brukande jord, den merker vi oss og skal koma tilbake til han seinare.

I 1479 var garden vorte delt, og den eine av gardane er ”sydre garden”. Det vart da vitna at Hans Henriksen 14 år før, da han låg på ”sit yderste” gav ”Rindal sydre garden” til Fåbergkyrkja og presteommodet. Det førde vidare med seg at den eine av Rindalsgardane fekk denne same jordherren gjennom mange mannsaldrar.

Dette med jordherrane for Rindalsgardane gjekk elles slik at i 1613 var Knut Rindal på grannegarden og vorte bygselbonde eller leiglending, men jordherren hans var Kongen som eigar av fru Gjørvids gods. Da Knut Rindal i 1613 fekk 1.bygsel på sitt Rindal, var landskylda av denne garden og 2 huder som på Rindal sydre. Etter dette laut kvar brukar på Rindalsgardane først skaffe seg tinglyst bygselseddel før han var retteleg bygslar og brukar der. Det var likevel den skilnaden at bygslaren i Oppegarden måtte søke soknepresten om bygselseddel, men bygslaren i Nigarden laut sende søknaden til fogden.

Det at ein gard vart delt, og baa gardane framleis hadde same namnet, førde vidare med seg at kvar av gardane måtte få eit tilnamn, eit kjenningsnamn, som tydeleg skilde den eine frå den andre. I ei overgangstid kunne det da vera vinglete med tilleggsnamna. Slik har det og vore på Rindal i Vingrom. Vi har alt sett at det eine Rindal vart kalla sydre Rindal, og da truleg det andre Rindal nordre Rindal. Etter kvart festa så kjenningsnamna seg til dei tydelegare geografiske særmerke som i dette tilfelle ligg i orda ”øvre” og ”nedre”. – Ved eit skifte på øvre Rindal i 1738 er denne garden kalla ”Rindal, opistuen i Faaberg”; ved eit skifte i 1754 er garden kalla ”Rindal, op i Gaard, Faaberg”; vidare er ved eit skifte i 1824 same gardnamnet skriva ”Rindal øvre”, for tilslutt å bli ”Rindal, Oppgarden”. Frå Nigarden er eit døme på at garden i kyrkjeboka er kalla ”ner Rindal”.

Båe gardane hadde gjennom hundreåra ei rekke dugande bygselbønder, og ikkje minst etter husdyrhaldet ser det ut til at dei to gardane var så å seia like store. Dette går nokså tydeleg fram av husdyrtellinga i 1657. Kva var det så av krøter på gardom i den tid? – Jau, da var det hos Amund Rindal på Nigard: 1 hoppe, 2 hestar, 14 naut, 7 geiter, 12 sauer og 1 gris, medan Rasmus Rindal i oppgarden samtidig hadde: 1 hoppe, 12 naut, 5 geiter, 10 sauer og 1 gris. Om Amund Rindal merker ein seg elles at han i odelsmannsjordboka av same året og er oppført som jordeigande bonde og åtte jordegods til 10 skinn landskyld i Dagfinrud på Biri og til 2 skinn skyld i Holen på Biri.

Her tek vi så vidare med ein liten studie over kva for ein stor bakke i Vingrom det vel kunne vera som i 1367 låg til Rindal. – Ein minnest eit vedlegg til Stiftsboka frå før 1578- Der er det ein bolk om ”Ødegaarde og smaa Parter” av kyrkjegods i Fåberg. Det er m.a. ført ein gard ved namn Glimstadvad av skyld 1 hud, som sikkert er den same garden samla under eitt som det vi nå kallar Øverhaugen og Midthaugen eller Bratberg og Mæhlum. Men meir om dette under ”Glomstadvad – Bratberg”. Men blant andre ”Ødegaarde og smaa Parter” er det og eit slåtteland eller anna bruk som er kalla ”Brekke” av skyld 9 skinn.

Ein minnest at ordet Brekke i gamalnorsk nettopp tyder ”stor bakke” eller i fleirtal Brekkom, bakkane. Ein minnest og at det i matrikkelframlegget for Fåberg av 1865 just mellom Rindalsgardane er ført eit bruksnummer: ”Rindal, Vestre Brækken” med eit jordbruksareal 32 mål, og av dette var 5 mål jord av 1.klasse, truleg dyrka. Og dette Brekken var altså berre eit Brekken vestre; kanskje var eit Brekken austre minst like stort. Dei som er lokalkjende der, veit at vi må ferdes på det store bratte slåttelandet på god jord som det har vore og er mellom gardane Øvre og Fryjordet. Det er på dette same areal av ettertrakta slåtteland som seinare og vart kalla Øvregarden og Haugerøgarden. – Da husmannen Peder Brekken og sonen Kristian Brekken i 1908 kjøpte husmannsplassen grn. 11 brn. 4, Brekken, var det husbonden Arne Rindal, Nigarden, dei handla ved. Det er all grunn til å tru at vi her ferdest i den same store bakken som låg til Rindal alt i 1362 og 1367. –

Etter denne felles innleiinga om Rindal i Vingrom i det heile går vi så over til å sjå litt nærare på soga åt dei to Rindalsgardane kvar for seg. Vi vel å halde oss til matrikkelen, og fortel først om gardsnummer 11:

Rindal, Nigarden:

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysninger om gardane. Der er det om ”Rindal” nedre fortalt at garden framleis hadde ei landskyld på 2 huder, men at landskylda da kunne krevjast inn i 3 bismerpund smør. Eigar av garden var og framleis Kongen, der Rindal som før var innført som ”Fru Giørvildtz goedtz och følger Lauridtz Christensen på Bragenes”. Vidare er det om garden oppgitt at ”Engen er Indstengt och Kand forbedris, Schoug till gaards brug, En liden Homellhauge, Sjøsetter (Sjogen seter) til Sommerbeed”. Buskapen av store husdyr var da: 3 hestar og 18 naut, og korntienda vart uttreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årsavling på 30 tønner. Det går elles fram at Rindal hadde utslåttar eller seterslått til 2 lass høy, som det vart svara ekstra høyskatt av med 4 skilling. Bygselbonde og brukar på nedre Rindal va da framleis Amund, som med farsnamn heitte Amund Haldorsen. Amund Haldorsen hadde elles da 3 søner, nemleg: a. Haldor, som var født 1635, b. Knut f. 1638, c. Mikkell f. 1648.

Haldor Amundsen Rindal f. 1635 gifta seg med Kari Andersdr., og dei hadde i sitt ekteskap 4 born. Dei var: a. Amund, b. Arne, c. Christen, d. Anne, som var gift til Skjellerud. – Den 5. juli 1705 vart det ved tinget på Hovind i Faaberg lese at Arne Haldorsen hadde fått

”Bøxelseddel paa Rindal, udgiven av Kongens Foged”. Altså var Nigarden framleis krongods. Om den bygsla det her gjeld, vart det elles strid mellom brørne Amund og Arne.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er namnet på garden skrive ”Rindahl”, og det er oppgitt at den også da var ”Deres Kongl. Mact. med bøxel tilhørig”. Det er vidare fortalt at garden ligg i sollia, at den er lettbrukt, og at jordarten der er ”goed, dog noget tørlent”. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang og hustømmer, men setra hadde berre måtelig hamn. Buskapan på nedre Rindal var da: 3 hestar, 1 føl, 19 naut, 16 sauer og 18 geiter, og den årlege utsæd utgjorde 6 tønner bygg og litt rug. Det går og tydelig fram at garden da hadde kvern, sikkert i Rinna elv, og at det til Nigarden hørde 2 husmannsplassar med brukande jord.

Men tre år seinare hendte så det store omskifte at den før nemnde sonen brukaren Arne Haldorsen ved krongodsauksjonen på Elstad i Ringeby i 1726 fekk kongeskjøte på garden. Dette skjøtet, som elles er datert 19. juni 1727, har etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Rindal.

Kongeskjøte dat. 19. juni 1727, tgl. 18. febr. 1728. Fra Friderich den fjerde konge til Danmark og Norge til Arne Haldorsen og hans arvinger på en deres eiende andel i gården Rindal i Faabergs prestegjeld beliggende, av skyld 2 huder 3 skind med bøxel for 840 rd.”

Ein merker seg her at landskylda var høgda til 2 huder 3 skinn, som visstnok hadde sin grunn i at ein stor del av fjellslåttane i Fløyten da var tillagt Rindal. Same året, altså i 1728, gav så Arne Haldorsen Rindal skjøte til Knut Olsen Moug (Mo) og hans arvingar på ”en lod av Fløyten Engeland for sum 34 rd”, og samtidig eit liknande skjøte til Halvor Halvorsen Hauger på ”en lod av Fløyten Engeland for sum 14 rd. og samtidig vidare eit likanande skjøte til Ole Halvorsen Jevne på ”en part av Fløyten Engeland for sum 14 rd. 2 ort”.

Etter atter 3 år gav i 1731 eit anna opplysande skjøte, som etter utskrift av panteboka er sålydande:

”Hjemslot Myren.

Skjøte dat. 10. aug. 1731 tgl. 10. septbr. s.å. Fra Arne Haldorsen Rindal i Faaberg prestegjeld til Lars Siverson Kollerud på en slot myr, Hiemslot Myren kalde som hidindtil har været brukt under gården Rindal for sum 9 rd.”

Ein merker seg at gardsbruket Kollerud altså i den tid var eit sjølvstendig bruk og altså med Lars Siverson som eigar og brukar.

Husbonden på Nedre Rindal i denne tid, Arne Haldorsen Rindal, var gift med Guri Amundsdr., og dei hadde i sitt samliv 3 born, nemleg: a. Kari, gift med Torger Olsen Mælum, Ringeby, b. Anne f. 1713, c. Eli f. 1719, g. 1755 m. Johannes Toresen Rindal.

Husbonden Arne Haldorsen, som var ein av dei god-for-seg karane på Rindal, brukte så sjølv garden til i 1732, da han skjøta Rindal framleis av skyld 2 huder 2 skinn over til svigersonen Torger Olsen Mælum, som altså var frå Ringeby, men var vorte gift med Kari Haldorsdr. Rindal.

Dei nye husbondsfolka, Torger Olsen og Kari Rindal, fekk isaman 7 born, tre søner og 4 døtre, men alle tri sønene døde som barn eller i ung alder. Dei 7 borna var: a. Ole, døypt 16.

mai 1734, død 1756, b. Arne f. 1738, død som barn, c. Arne f. 1741, død som ungdom, d. Guri f. 1742, g. 1769 m. Ole Chr. Kirkerud, e. Eli f. 1744, f. Anne f. 1736, g. 1757 m. Lars Nilsen Gilbergstuen, g. Kari f. 1746, g. 1781 m. Tore Eriksen Smestad.

Torger Olsen Rindal hadde i si brukartid fleire rettssaker. Av 1737 er såleis ei sak mot Ole Gilberg ”fordi han har indsneget sig i Rindals skov og mark kaldet Rindalslien og der nedfelt en hoben skov og flekket bark derav”. Saka vart elles utsett som forlikt. To år seinare hadde Torger Rindal innstemnt Arne Lekshus, Knut Mo og Halvor Hauger ”til at tilbakebetale ham skatten for engelandet Fløtten”, denne saka vart og utsett.

Om husmannsplassar under nedre Rindal handlar to saker av 1751. Torger Rindal gav da bygselseddel til Christen Olsen på ”en under hans gård Rindal til og underliggende husmandsplads Rindalshagen kaldet” mot å svare i årleg husleige 2 rd. i årsarbeid. Samtidig gav og Torger Rindal bygselseddel til Christen Wintzensen på ”Rindalsengen kaldet beliggende i engen” mot årleg husleige 4 rd. 2 ort i pengar og 2 rd. i arbeid. Rindalsenga var altså i den tid eit stort bruk.

Etter atter 5 år skjøta så i 1756 husbonden Torger Olsen odelsgarden nedre Rindal over til den einaste sonen sin som da var i live: Ole Torgersen Rindal f., 1734. Kjøpesummen for garden var da 1000 rd. Dette skjøtet om overtaking er datert 14. febr. 1756. Men den 3. mars same året døde alt kjøparen Ole Torgersen Rindal. Han var da 22 år. – Husbonden Torger Olsen Rindal brukte så sjølv garden att til i 1759, da han skjøta Rindal over til svigersonen Ole Pedersen Røyne. Frå to år før er det elles i 1757 opplyst at Torger Olsen Rindal hadde stor gjeld. Christen Fliflet, Iver Rindal øvre og Iver Fryjordet hadde da innstemnt Torger Olsen Rindal ”for skyldige 1000 rd. ifl. panteobl.” – Men i 1759 spurdest det og at den nye brukaren Ole Pedersen Røyne var død. –

Arvingane etter Ole Pedersen Røyne selde så i 1760 Rindal nedre til Ole Torgersen Havig frå Ringsaker for kjøpesum 1007 rd. + 104 rd. til Lars Nilsen Gilbergstuen på vegne av kona si Anne Torgersdtr. Rindal for odelsretten til garden. I 1769 var det skoleholder Ole Christensen Kirkerud som hadde tatt over og var brukar på nedre Rindal.

Den nye eigaren av garden, Ole Christensen Kirkerud var og svigerson av Torger Olsen Rindal, med di han var gift med Guri Torgersdtr. Rindal, og dei hadde to born, nemleg: a. Sigrid f. 1770, g. 1788 m. Jens Hansen Skjeggstad, b. Ole Olsen f. 1776, død år 1800.

Om plassen Massingsmedstuen handlar ei sak frå 1791: Halvor Christensen hadde da lånt 30 rd. av Halvor Olsen Jevne mot pant i husa på plassen Massingsmedstuen, som altså Halvor Christensen da åtte. Om det var han eller faren eller ein annan massingsmed som hadde fått yrkesnamnet sitt kobla til namnet på plassen, er det truleg uråd å finne ut, men signaturer på massingting frå denne tid er framleis av interesse:

År 1801 kom det påbod om folketelling, og det budde da 10 familiar på og/eller ved Nedre Rindal. Dei var:

1. familie: 1. Guri Torgersdtr. enke, husmor, ”Bondekone og Gaardbeboer”, 59 år, 2. Amund Larsen, tenestkar, 38 år, 3. Ole Mortensen, tenestkar, 22 år, 4. Ole Nilsen, tenestkar, 23 år, 5. Engebret Walentinsen, tenestkar, 15 år, 6. Beret Olsdtr. tenestkvinne, 25 år, 7. Christiana Ottersdtr., tenestkvinne, 22. år, 8. Marit Pedersdtr., tenestkvinne, 13 år.

2. familie: 1. Ole Larsen, ”Inderste uden Jord, Snedker”, 32 år, 2. Eli Pedersdtr., kona hans, 38 år, 3. Anne Olsdtr., datter deres, 2 år.

3. familie: 1. Halvor Christensen, ”Inderste uden Jord, Smed, 60 år, (massingsmeden), Eli Halvorsdtr., kona hans, 61 år. 3. Ole Halvorsen, son deres, ”Gevorben Soldat”, 21 år.

4. familie: 1. Simen Jensen, husmann med jord, skomaker, 66 år, 2. Aase Olsdtr., kona hans, 54 år.

5. familie: 1. Ole Simensen, ”Inderste uden Jord, og gaaer i Dagleie”, 28 år. 2. Marit Gundersdtr., kona hans, 33 år, 3. Simen, son deres, 3 år.

6. familie: 1. Peder Larsen, husmann med jord, skomaker, 40 år, 2. Ingrie Larsdtr., kona hans, 42 år.

7. familie: 1. Peder Engebretsen, ”Inderste uden Jord og gaaer i Dagleie”, 74 år, 2. Ragnhild Gulbrandsdtr., kona han, 76 år.

8. familie: 1. Engebret Pedersen, ”Inderste uden Jord og gaaer i Dagleie”, 43 år, 2. Marit Nielsdtr., kona hans, 56 år, 3. Martha Engebretsdtr., dotter deres, 9 år.

9. familie: 1. Peder Olsen, husmann med jord, 50 år, 2. Eli Amundsdtr., kona hans, 50 år, 3. Inga Lardsdtr., dotter deres, 9 år, 4. Sønnøv Larsdtr., dotter deres, 7 år, 5. Ingeborg, dotter deres, 3 år.

10. familie: 1. Johannes Olsen, ”Inderste uden Jord og gaaer i Dagleie”, 40 år, 2. Anne Pedersdtr., kona hans, 40 år, 3. Johanna, dotter deres, 13 år.

Det var soknepresten i Fåberg, A. Broch som arbeidde ut dette manntalet av 1801, så det er all grunn til å tru at det er rett. I alt budde det da 3645 menneske i Fåberg.

Åtte år seinare var det i 1809 Jens Hansen Skjeggstad og enka Guri Torgersdtr. Rindal som hadde heimel på garden. Dei gav da skjøte til eldste son av Jens Skjeggstad, Hans Jensen, på grd. Rindal av skyld 2 huder 3 skinn, som det her gjeld. Dette skjøtet som gir fleire interessante opplysningar, har i ei utskrift av panteprotokollen denne ordlyden:

”Rindal.

Skjøte dat. 1809 febr. 6. tgl. 1809 mars 8. fra Jens Hanssen Skjeggstad og Guri Torgersdtr. Rindal til førstnevntes eldste son Hans Jenssen på Rindal av skyld 2 huder 3 skind – med underliggende andel av gårdpl. Kollerud av skyld ½ skind for 1000 rd. Dessuten skal svares føderåd til Jens Hansen og kone; Guri Torgersdtr. skal nyde føderåd av gården som er bestemt ved skifte efter Ole Christensen Rindahl. Hvorhos fastsettes tillige at saafremt Hans Jensen om han det forlanger, skulle når jeg Jens Hanssen engang i sin Tid skulle ville oplade min Gaard Skjeggstad, ville vælge denne siste Gaard, da igjen at oplade Gaarden Rindahl til mig, Kone eller øvrige Børn, nemlig til den som da dertil er nærmeste Odels- og Løsnings-Berettiget for den i dette Skjøte bestemte Sum og deri fastsatte Vilkaar.”

Føderådskontrakten som samtidig vart tinglyst, er etter utskrift sålydende:

”Rindal:

Føderådskontrakt dat. 1809, mars 7. Tgl. 1809, mars 8. fra Hans Jenssen til sine foreldre Jens Hansen Skjeggestad og Sigri Olsdr. Guri Torgersdr. skal foruten det føderåd som er bestemt for henne ved skifte efter Ole Christensen av 23. april 1793 ha 1 mål aker (av blandkorn) som Hans Jensen innhøster og tresker for henne. Dessuten ½ tønne rug, ½ bpnd. Liin, føde til 2 små kreature og 12 Voger godt Høe. Hvis Guri Torgersdr. dør før begge hans foreldre tilfalder al føderåden dem. Når en av hans foreldre dør bortfalder 1/3 av føderåden, således at den lengst levende kun beholder 2/3 derav; men skulle en av hans foreldre dø før Guri Torgersdr. beholder den lengstlevende den hele for dem bestemte føderåd, så lenge Guri Torgersdr. lever, og indtil hennes død, da først den ene tredjedel av den hele føderåd bortfalder.”

Hans Jensen Skjeggestad, som dermed tok over som eigar og brukar av nedre Rindal, gifta seg i 1817 med Eli Jonsdr. på øvre Rindal, og det fekk i sitt ekteskap 7 born. 1. Oline f. 1817, g.m. Christian Jørgensen Sorgendal, øvre Rindal, 2. Simen f. 1919, død same året, 3. Sigrid f. 1820, død 1835, 4. Ingeborg f. 1822, død 1824, 5. Johanne f. 1824, g. 1846 m. Christian A. Jørstad, 6. Ingeborg f. 1826, g. 1846 m. Hans A. Jørstad, 7. Eli f. 1826, g. 1851 m. Kristofer S. Borud.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Rindal med ½ Kolrud” oppgitt at buskapen av store husdyr da var: 5 hestar og 24 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 80 tønner. – Om ei utviding av utmarka til garden handlar ei sak av 1827. Arne Simensen Borud gav da skjøte til Hans Jensen Rindal ”paa Endel av Gaarden Borud kaldet Borudhullet.”

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Nedre Rindal med ”halve Kollerud og endeel av Borud” fekk da som si nye matrikkelskyld: 11 skylddalar 4 ort 16 skilling, og det var da framleis Hans Jensen som var eigar og brukar av nedre Rindal. – Men i 1841 var husbonden Hans Jensen dødeleg sjuk, og han ordna det da slik at dottera Johanne Rindal f. 1824 og svingersonen Chr. A. Jørstad overtok Rindal nedre for kjøpesum 1200 spd.

Dei nye husbondsfolka hadde og mange born. Dei var: 1. Hans f. 1843, død same året, 2. Kari Kristine f. 1844, 3. Elise f. 1846, 4. Agnete f. 1849, g. 1872 m. Andreas Iversen Heramb, 6. Arne f. 1851, 6. Ingeborg f. 1854, g. 1877 m. Johan Eriksen Lindstad, 7. Guri Helene f. 1860 g. 1894 m. Ole Andreas Halvorsen Hauger, 8. Sigrid Marie f. 1865, g. 1896 m. Simen Kristiansen Kastrud.

Husbonden Chr. A. Rindal som vi her minnest, var elles ein særst godt utrusta og høgt akta mann. Han var såleis ordførar i Fåberg både i tidsrommet 1859-67 og i 1879-83. Ein merker seg og at C.Rindal i 1865 var formann i matrikkel-komiteen for Fåberg.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om ”Rindal nedre” vidare oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 435 mål, og av dette var 105 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og fortalt at husdyrhaldet på sjølve garden Rindal nedre da var: 4 hestar, 19 storfe og 29 småfe, men dertil var det tilsaman på husmannsplassane m.m. som hørde garden til: 1 hest, 11 storfe og 24? småfe. Først på same måten var den årlege utsæd på sjølve garden Rindal nedre ca. 11 ½ tønner korn og 18 tønner settepoteter. Dertil kom så den årlege utsæd på plassane, som tilsaman var 6 ½ tønner korn og 10 tønner settepoteter.

Den 14. sept. 1876 var det skylddelingsforretning på nedre Rindal, og ein parsel av garden vart fråskilt og selt til skolejord.

Ti år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer, og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og -øre, og slik at det blev 100 øre i 1 mark. Nedre Rindal fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 11 av samla skyld 17,71 mark, og det var alt da 3 bruksnummer under gardsnr. 11 Rindal nedre. Dei 3 bruksnr. var: a. Grn. 11 brn. 1 Rindal nedre av skyld 17,10 mark, der Chr. A. Rindal framleis var eigar og brukar, b. brn. 2 Brekken av skyld 0,53 mark, der Amund Olsen Engen i den tid var oppsittar, c. brn. 3. Skolejord av skyld 0,08 mark og med Fåberg kommune som eigar og brukar.

Men i 1895 døde så den velkjende husbonden Chr. A. Rindal, og "Kristian Arnesen Rindals legitimerede arvinger" gav så i 1901 skjøte til sonen Arne Kristiansen Rindal f. 1851 på ættegarden nedre Rindal for kjøpesum kr.15 000,-. Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 ti personar med røysterett på og/eller ved nedre Rindal. Dei var: 1. gardbr. Arne Kr. Rindal, 56 år, 2. husmor Karen Rindal f. Wedum, kona hans, 38 år, 3. husmann Kristian Larsen Hagen, 54 år, 4. husmor Anne Ingebretsdtr., kona hans, 51 år, 5. husmann Harald Arnesen Brusveen, 56 år, 6. husmor Marie Simensdtr. f. Rugsveen, kona hans, 38 år, 7. arbeider Martinius Brusveen, 38 år, 8. husmor Lise Andreasdtr., kona hans 33 år. 9. husmann Petter Olsen Nordsveen, 59 år, 10. husmor Tonetta Andreasdtr., kona hans, 57 år.

Arne K. Rindal f. 1851, som elles hadde overtatt som brukar alt i 1891, var gift med Karen Wedum, og dei hadde i sitt ekteskap 4 born, nemleg: a. Kristian f. 1899, gift 1980 med Ingeborg Huse, b. Johanne f. 1900, c. Jens f. 1908, gift med Margit Nordberg, d. Ingeborg f. 1906, gift med Kr. Børstad.

Av handlar i seinare tid med Nedre Rindal og/eller parseller av garden tek vi vidare med at i 1908 vart så grn. 11 brn. 4 Brækken av skyld 0,51 mark selt til Kristian og Peder Brækken. Samtidig vart ei tomt brn. 5 Arneberg selt til frk. Bergine Sveen, og Jens Steinum tilhandla seg grn. 11 brn. 6 Slette. I 1917 skjøta så faren Arne Rindal ættegarden grn. 11 brn. 1 over til sonen Kristian A. Rindal, og i 1923 kjøpte Martin Steinum grn. 11 brn. 7 Nordsveen av skyld 0,40 mark. Tre år seinare vart vidare grn. 11 brn. 8 Brusveen av skyld 0,40 mark selt til Anton Brusveen.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 fire bruksnummer med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 4 gardsbruk var: a. Grn. 11 brn. 1 Nedre Rindal med eit jordbruksareal på ca. 200 mål som Kristian A. Rindal framleis var eigar og brukar av, b. grn. 11, 16 brn. 4,2 Brækken m/Engrum, jordbr. areal ca.70 mål, eigar og brukar: Kr. Brækken, c. grn. 11 brn. 8 Brusveen, jordbrareal ca. 30 mål, eigar og brukar: Anton H. Brusveen, d. grn. 11 brn. 7 Nordsveen, jordbr. areal ca. 20 mål, der Martin Steinum framleis var eigar og brukar.

Kristian A. Rindal og Ingeborg Rindal f. Huse brukte så Nigarden Rindal til i 1955, da dei skjøta garden over til sonen Helge Rindal f. 1931, som er utdanna forstmann, tilsatt ved Mjøsen Salgsforening, og gift med Gerda Agnete Jensen, Danmark. Dei har i sitt ekteskap sonen Hans f. 1962.

Helge Rindal vil elles vera godt kjent som skarp rifleskyttar og sær s dugande administrator av store skyttarstemne.